

# Sakspapir

| Saksbehandler | Arkiv    | ArkivsakID |
|---------------|----------|------------|
| Øivind Olsnes | FE - 001 | 14/353     |

| Saksnr   | Utvalg        | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 023/2014 | Kommunestyret | PS   | 27.10.2014 |

## Kommunereforma - drøfting av strategiar og mandat for vidare prosess

### Forslag til vedtak:

Saka vert lagt fram til politisk drøfting utan tilråding

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Oppfølging av orienteringssak i kommunestyremøte den 24.09.14

Fylkesmann Lars Sponheim orienterte om og inviterte til drøfting av ulike tema som mellom anna:

- Er ei nasjonal reform, med breidt politisk vedtak i Stortinget
- Tidsplan for prosessar frå mai 2014 til juni 2017
- Eit ekspertutval utgreier og vil tilrå endringar i kommunale oppgåver
- Alle kommunar har plikt til å gjennomføre ei utgreiing, men står fritt til å gjere sine vedtak  
i etterkant
- Alternative val vil gje ulike økonomiske konsekvensar for framtidige inntekter
- Det kan kome ein revisjon av inntektsystemet for kommunane i 2017
- Inndelingslova legg premissar for endringar og økonomiske tilhøve - 20 (15+5) års perspektiv
- Kommunen må vurdere kva strategi ein skal ha og kva fokusområde som bør vektleggjast ved  
ulike sonderingar og i avtaledrøftingar

#### **Vedtak møte den 24.09.14:**

«Ordførar kallar inn til ekstraordinært kommunestyremøte den 27.10.14 kl 08.30-12.00 med drøfting av kva strategi og fokus Modalen skal vektleggje i den vidare prosessen, samt vedta eit mandat for vidare arbeid.»

## **Kommunestyret - 023/2014**

### **KS - behandling:**

Ordfører innleia om dei ulike problemstillingane som skulle drøftast i følgjande grupper

- Gruppe 1: Artur, Terje, Kristin og Oddvin
- Gruppe 2: Tom Kristian, Bjørn, Marit Kristin og Knut
- Gruppe 3: Liv-Anne, Gunnhild, Gisle, Harald og Øivind

### **Kva er vår styrke i dag:**

#### Gruppe 1:

Har god økonomi - gode tenester - nøgde innbyggjarar - avstand til regionsenter - låg arbeidsløyse - privat næringsliv blomstrar - fiber til alle fastbuande - kort veg til beslutning

#### Gruppe 2:

Økonomi - gode tenester (skule/barnehage/sjukaheim) - infrastruktur - kulturtilbod - arbeidsplassar (ikkje ledighet) - lokaldemokrati (både og)

#### Gruppe 3:

God økonomi (kraftinnteker) - gode tenester (skule, barnehage/pleie og omsorg, administrasjon) - gode oppvekstvilkår med mange aktivitetar - kort avstand (mellom innbyggjarar, adm. og politikarar) - infrastruktur (fiber/IKT) - oversiktleg samfunn - står saman utad - identitet og stoltheit - har i dag råderett over inntekter frå kraft og goder som er innvilga

### **Kva muligheter har me:**

#### Gruppe 1:

Fiber til fjernarbeidsplassar, næring og undervisning - er senter for indre stork - landbruk (småkraft, turisme, kortreist mat) - natur (turisme, næring) - næringsliv (IT-miljø for utvikling av nye arbeidsplassar), ungdomane kjem heim att.

#### Gruppe 2:

Potensiale for kraftutbygging, gode stønadsordningar for nye bedrifter - er gunstig å etablera seg i Modalen - fiber (vidareutvikling) - naturressursar

#### Gruppe 3:

Interkommunalt samarbeid - samordning med andre kommunar som ikkje ønskje sammenslåing - romslege rammer i dag

### **Kva utfordringar har me:**

#### Gruppe 1:

For lite mangfald av arbeidsplassar - landbruk (ikkje aktivitet på alle gardsbruk) - einseitig næringsliv (sårbart, kompetanse) - tenestetilbod (avhengig av kommunal økonomi, tilgang på kompetanse) - vegstandard mot Lindås og Vaksdal

#### Gruppe 2:

Fylle opp sjukeheimen - lite folk - usikre rammevilkår - vegstandard - rekruttering av arbeidskraft - fagmiljø - store krav til kommunen (bortskjemte) - kritiserer lett kommunen - manglar næringslokale - har ikkje vidaregåande skule

#### Gruppe 3:

Kommunikasjon (vegane) - få innbyggjarar - sårbare for endringar i økonomi (inntektsystem, kraftinntekter) - kompetanse innan ulike tenester - å følgje lovkrava på alle felt - avhengig av interkommunale samarbeid - halda på/skaffa nye arbeidsplassar (private og offentlege) - å redusera dagens tilbod ved behov

### **Kva fallguber har me:**

#### Gruppe 1:

Økonomien (sovepute for utvikling) - næringsliv (kontorarbeidsplassar, bustad) - få innbyggjarar (sårbart) -mykje bygningsmasse (vedlikehald og drift)

Gruppe 2:

Verte ein fattig utkant - næringslivet forlet Modalen - store driftsutgifter

**Kva tenestetilbod og arbeidsplassar er viktigast å utvikle/oppretthalde:**

Gruppe 1:

Kultur og fritidstilbod - omorganisere drifta av Bryggjeslottet

Gruppe 2:

Behalde dei økonomiske rammevilkåra - behalde kompetanse innan (sjukeheim/helsetenester, skule, barnehage) - kulturaktivitetar - kommunale arbeidsplassar - privat sektor - mulighet til å kunne støtte/vidareutvikle næringslivet - næringslokale - bustadfelt - betre kommunikasjon (veg) - satse på ungdomen

Gruppe 3:

Oppretthalde inntekter/sal av tenester - halde på/få fleire innbyggjarar - gjer våre tilbod attraktive regionalt (utvikle nisje for oss ) - utnytte fiber/IKT - vidareføre stønadsordningar til næringsliv/bustadbygging - lave prisar på tenester

**KS - vedtak:**

Kommunestyret legg til grunn at ein i vidare drøftingar skal ha som eit overårdna mål å oppretthalde eit lokalt tenestetilbod på linje med i dag.

Det vidare arbeid vert å organisere ved å opprette ei styringsgruppe og eit forhandlingsutval.

Kommunestyret oppnemner formannskapet til styringsgruppe.

Forhandlingsutvalet vert sett saman av ordførar Knut Moe, leiar av solrenningslista Gisle Heimly og rådmann Øivind Olsnes